

Protokoll fellesmøte Utdanningsutval FHS og FoUI-utval FHS

Dato: 23.5.24 **Del 1 felles UU og FoUI, Teams møte kl. 10:00-11.30, deretter fortset møtet kvar for seg**

Medlemmar UU, FHS sjå [lenke til nettsida](#)

Medlemmar FoUI utval, sjå [lenke til nettsida](#)

Til stades:

Utvalsmedlemmar UU: Unni Margrete U. Aasen, Johannes Haltbakk, Margaret Ljosnes Søvik

Utvalsmedlemmar FoUI: Marjolein M. Iversen, Hanne Kristin Tuntland, Lennart Lorås, Lill Anette Juvik, Monica Unsgaard-Tøndel, Irene Valaker (vara), Marit Eva Solheim (vara)

Frå administrasjonen: Hilde Kristin Tveit (UU), Florian Andreas Wingens (UU), Rachel G. Berge (FoUI), Anne Jorunn Vikdal (FoUI, møtesekretær)

Forfall:

UU: Torill Forbord, Linnéa Solvang, Hege Hansen

FoUI: Monica Wammen Nortvedt, Anette Fagertun, Anne Britt Vika Nilsen

Del 1 – Fellesmøte med FoUI utvalet. 1,5 time

Del 2. Kwart møte fortset med sin eigen del. Utdanningsutvalet fortset (30 min) i same Teams lenke. FoUI utval koplpar opp i eiga lenke.

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
1/24 Godkjenning av innkalling og sakliste		Innkalling og sakliste skal godkjennast med eventuelle kommentarar. Er det saker til eventuelt?	Prodekanar	5 min
Referat: Innkalling godkjent. Ingen saker til eventuelt.				

Fakultet for helse- og sosialvitskap

2/24 Universitetssøknad – status	Vedlegg i Teams:	Moglege perspektiv for fakultetet, fagmiljø, utdanning og forskning? Utvala blir invitert til å kome med betraktningar for vidare arbeid. Korleis skal fakultetet arbeide vidare?	Prodekan for forskning og prodekan for utdanning innleiar	20 min
<p>Referat: Prodekanane innleia saka. Universitetssøknaden blir sendt medio juni. Mål for FHS er <i>Gjennom forskning, utdanning og innovasjon skal Fakultet for helse- og sosialvitskap medverke til betre helse- og velferdstenester, behandling, meistring og omsorg til pasientar og brukarar i alle situasjonar og livsfasar.</i></p> <p>Fleire peika på at ein ikkje har sett søknaden, og difor ikkje er rett fram å drøfte saka. Forankring på seksjonsnivå kan bli krevjande og ein kan få følelse av å stå i «spagaten». Utdanning er kritisk for vår verksemd, men så må me i tillegg utvikle oss vidare innan forskning. Ein må klare å kople utdanning til forskning, og få dette til i praksis. Utdanning og opplæring er nøkkelen for å få det til; både blant fagtilsette og studentane våre.</p> <p>Det vil vere viktig å svare ut korleis ein skal nå indikatorane som er satt opp i søknaden, og involvere fagseksjonane.</p> <p>Det er krevjande når studentane har lågare kompetanse som følgje av mindre krav til karakterar ved opptak. Det kan vere utfordrande å rettleie studentane innan forskning og metode.</p> <p>Forskningsbasert utdanning er krevjande når ein ikkje har oversikt over intern forskingsaktivitet ved HVL. Det er blant anna intern forskning som er relevant for faga ein føreles i, som ikkje blir delt og ein ikkje kjenner til. Dette er forskning ein kunne vist til i utdanningane og i forelesningane.</p> <p>Forskargruppeleiarane har ansvar for å motivere tilsette til forskning. Ein må òg finne gode løysingar for at tilsette kan ta ut FoU-tid.</p> <p>Det er ynskje om ein større grad av samarbeid på tvers av institutta til å arbeide saman og få støtte inn mot store prosjektsøknadar.</p> <p>Omdømmebygging blir svært viktig når universitetsstatusen er på plass, då det vil vere to universitet i same geografiske område.</p>				

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

<p>3/24 Studentinvolvering i forskingsprosjekt på BA og MA nivå</p>	<p>Vedlegg ligg i Teams:</p>	<p>Korleis ser dette ut i fakultetet, og korleis kan det bli betre? Utvala blir invitert til å gi innspel og betraktningar i forhold til forbetring og utvikling</p>	<p>Prodekan for forskning og prodekan for utdanning innleiar</p>	<p>20 min</p>
<p>Referat: Prodekanane innleia saka. Over 100 tilsette har rapportert av dei involverer bachelor- og masterstudentar aktivt i forskingsprosjekt. Det er ein skilnad mellom «forske på» og «forske med». Synleggjering og formidling er viktig.</p> <p>Det kom innspel på at det er vanskeleg å ta inn bachelorstudentar i forskning. Dei har kort tid til oppgåveskriving; felles innlevering av bacheloroppgåver 15.mai i tillegg til eit emne på 15 studiepoeng i forkant. Det er viktig å synleggjere kva som går føre seg blant studentane, og at ein viser fram bachelor- og masteroppgåver. Det er svært synd at til dømes EXPO for helse blei stoppa, då ein ikkje såg nytta av det som skulle presenterast.</p> <p>Arrangere posterpresentasjonar er eit tiltak, der ein inviterer inn praksisfeltet for å vise kva ein har arbeida med. Dette kan vere ein rekrutteringsarena for bachelor til master.</p> <p>Ein kan lage eit overordna prosjekt, som bidreg til eit felles prosjekt. Det kan vere praksisnært, som får dei relevante spørsmåla opp i eit prosjekt.</p> <p>Statistikk og metode kan vere krevjande pensum på bachelornivå. Sameleis nødvendig søknadsprosessar for forskning på pasientar. Kan det vere aktuelt med eit ekstra metodekurs?</p> <p>På masternivå treng studentane at ting er forutsigbart; ein sit ikkje med så mykje kunnskap om forskning som student. Ein kan sjå mot forskarskulane og sjå kva dei har av opplæring. Ein må gjere ting forutsigbart, og rettleie studentane inn på ein forskarsti.</p> <p>Det er uheldig at studentane mistar tilgangane sine når dei er ferdig som student i dei tilfella dei ynskjer å publisere resultat og oppgåver.</p>				
<p>4/24 Modell for karriereplanlegging for vitskapelege stillingar</p>	<p>Vedlegg ligg i Teams:</p>	<p>Status for dette blir presentert, og utvala bes komme med innspel til ulike løp</p>	<p>Prodekanane orienterar og innleiar til diskusjon</p>	<p>10 min</p>

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

<p>Referat: Prodekanane innleia saka. Det er mange nasjonale føringar som involverer karriereplanlegging, blant anna nasjonale rammeverk og planar og strategiar frå KD og NFR. HVL har søkt HR Excellence in Research Award, som famnar karriereplanlegging etter Ph.d. FHS startar opp med oppfølging av early/midt career researchers; ei gruppe på om lag 25 personar frå alle institutt, og har namnet «FHS Early Career Research Support and Development Programme».</p> <p>Det kom fleire innspel på at dette er eit godt tiltak, og at det behov for eit slikt karriereløp. Ein må òg strukturere karriereløp for dei med utanlandsk utdanningsbakgrunn.</p>				
<p>5/24 Profesjonsmelding / opptaksmelding og betydning for studieporteføljen</p>	<p>Vedlegg ligg i Teams:</p>	<p>Praksisnærheit, karakterkrav og av-akademisering er kritiske punkt i desse meldingane.</p> <p>Utvala bes om å komme med tankar om operasjonalisering.</p>		<p>20 min</p>
<p>Referat: Prodekanane innleia. Det kom fleire innspel til saka. Når det gjeld praksis og praksisnærheit, har nokre profesjonar mykje praksis og tett kopling. Det er likevel stor variasjon mellom ulike fagområde, som til dømes helse og lærar.</p> <p>Ein ynskjer forskingsbasert utdanning framleis, og me treng studentar og profesjonar som er forskingsbasert.</p> <p>Det negative ordet «av-akademisering» blir ikkje brukt i profesjonsmeldinga, men praksisnær kunnskap. Det viktig å bruke dette korrekte omgrepet.</p> <p>Arbeidslivsrelevant blir løfta fram. Samarbeid mellom teori og praksisfelt er viktig.</p> <p>Ein må arbeide med fortolking av profesjonsmeldinga internt, og omtale det slik at ein kjenner att budskapet. Viktig å få fram at akademisk kompetanse er viktig.</p>				

Fakultet for helse- og sosialvitskap

Kan ikkje berre tenkje på praktiske ferdigheiter, ein må òg forstå kvifor ein skal utføre oppgåver. Å kunne argumentere for kvifor ein gjer det ein gjer, og at val av tiltak botnar i god teoretisk bakgrunn og forskingskunnskap. Ein må ha profesjonstryggleik til å forstå situasjonar, samt tverrprofesjonell forståing.

6/24 Orientering		<ul style="list-style-type: none"> • Status masterportalen • Status delte stillingar - erfaringar • Fellesmøte våren 2025 22.5.25 		15 min
-------------------------	--	--	--	--------

Referat:
Prodekanane tok sakene til orientering.
Dato for neste års fellesmøte mellom utvala blir 22.mai 2025.

Saker for FoUI utvalet:		Sjå eiga innkalling	Prodekan for forskning orienterar	60 min
--------------------------------	--	---------------------	-----------------------------------	--------

Referat:

Saker for Utdanningsutvalet: Vi fortsetter i møtet i Teams	Vedlegg:	<ul style="list-style-type: none"> • Referat frå sist møte i UU • Studieportefølje • Søkjartal SO og lokalt opptak • Status MOSO • Orienteringer <ul style="list-style-type: none"> ○ Kunstig intelligens – inne i læringsutbyttene – EpN til neste vår? 	Prodekan for utdanning orienterar	5 min
--	----------	---	-----------------------------------	-------

Referat:

- Referat frå [sist møte](#) i UU Ingen kommentarar til referatet.
- Studieportefølje

Viser til presentasjon vist i møtet.

Fakultet for helse- og sosialvitskap

- Søkjartal SO og lokalt opptak

Viser til presentasjon som blei vist i møtet.

- Status MOSO

MOSO er ein plattform – forskingsprosjekt til NANSEN prosjektet. Skal involvere FHS, Bioingeniør + FLKI. Ansvarleg for prosjektet er Ragnhild Steinsland.

Løysninga skal testast slik at ho passar dei ulike utdanningane.

- Orienteringar
 - Kunstig intelligens – inne i læringsutbytta – EpN til neste vår?

Kommentarar:

- Viktig at KI skal takast med i læringsutbytta i emne der det er aktuelt.
- KI er komen for å bli. Viktig at fleire får delta på kurs (nye kurs kjem).
- KI må prøvast ut på eiga hand.
- Vi må bruke tid på kor dette skal inn i dei ulike utdanningane.
- Kvifor kan ikkje HVL selje ut dette kurset?